

## Protokoll styremøte i Valdresmusea AS

**2021:3**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Tysdag 18. mai kl. 14.00–16.00

Til stades: Jørand Ødegård Lunde, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Odd Arne Klemmetsrud, Arne Erik Fønhus og Aud Søyland. Styreleiar Jan Arild Berg var forhindra frå å møte. Frå administrasjonen møtte: Anne Marit Noraker, Per Ivar Stensæter, Tove Stubbene og Ole Aastad Bråten.

### Sak 6/2021: Orienteringssaker

#### Leigeavtale

I førre styremøte gjorde styret følgjande vedtak:

*Styret bed administrasjonen revidere leigeavtala mellom Valdresmusea og eigarselskapa med mål om å klargjere betre kven av selskapa som skal dekke dei framtidige investeringskostnadane. Styret ber om å få framlagt forslag til ny leigeavtale mellom Valdresmusea og Valdres Folkemuseum før 1. mai.*

I møte drøfta styret forhold rundt ansvar for framtidige investeringar ved Valdres Folkemuseum, og kor vidt det er rett å plassere ansvaret for framtidige lånebyrder på driftsselskapet. Revisor Vegard Vestrom bidrog i drøftinga.

#### Vedtak

*Styret for Valdresmusea ber administrasjonen utarbeide ei ny leigeavtale mellom Valdres Folkemuseum og Valdresmusea. Avtalen må omfatte alle dei bygningane og anlegga som høyrer til eigedomen Valdres Folkemuseum, og som er i bruk i drifta og aktiviteten ved Valdresmusea.*

*Styret for Valdresmusea legg elles aksjonæravtalen for Valdresmusea til grunn for forståinga av ansvaret for framtidige investeringar ved Valdres Folkemuseum. Her heiter det at Valdres Folkemuseum ikkje kan plikte driftsselskapet til å bere andre framtidige investeringskostnadar enn dei som er knytt til bygginga av Velkomstbygget (sjå punkt 6).*

*Styret for Valdresmusea ber derfor styret for Valdres Folkemuseum gjere greie for korleis ein ser for seg finansieringa av eit større rehabiliteringstiltak ved Velkomstbygget. Styret ber òg administrasjonen legge fram ein oversikt over inntektsstraumen ved Valdresmusea, slik at ein betre ser bindingane og pliktene som følgjer dei einskilde tilskotta til driftsselskapet.*

#### Lundin Energy Norway

Direktøren orienterte om dialogen mellom Valdresmusea, Valdres folkemusikkarrangement og Lundin Energy Norway om eit mogleg treårig økonomisk samarbeid. Bakgrunnen er kjent: Valdresmusea har eit

stort engasjement for folkemusikken, folkedansen og tradisjonshandverket og ynskjer å sette i gang eit treårig tiltak med mål om å stimulere til auka rekruttering og engasjement for folkekulturen.

Det er elles ei kjent sak at musea blir oppmoda om å auke eigeninntektene, dette jamfør signal om at dei offentlege tilskotta i framtida ikkje vil auke. I takt med pandemi og nedgang i billetttinntekter må alle museum sjå seg etter velgjerarar og andre støttespelarar enn Kulturdepartementet.

#### Vedtak

*Styret har prinsipielt ikkje noko mot gåver og sponsorstøtte som ein naturleg del av museumsøkonomien. Fleire er likevel skeptiske til Lundin som samarbeidspart og spør seg om eit samarbeid med dei kan skade museets omdøme. Styret ber administrasjonen legge fram ei sak på neste møtet, dersom ein meiner det er grunnlag for å gå vidare med saka.*

#### Bagnsbergatn

I januar 2019 stansa Riksantikvaren fredingsprosessen for Bagnsbergatn. Grunnane var fleire, men KLD har ved fleire høve kritisert RA sin praksis med å utbetale erstatning til eigarar av freda kulturminne. Med freding følgjer ikkje plikt om utbetaling av erstatning. Etter at prosessen vart stansa valde museet å avslutte vidare deltaking i prosessen. Eit tilskott frå RA på kr. 450 000 held likevel oppe eit engasjement for staden. Rapport for tilskottet og tiltaka vart sendt RA i 2020.

I april 2020 overtok Sønstebystiftelsen som eigar av Bagnsbergatn. Det har vore skrive mykje om dei nye eigarane i avisa Valdres, men Sønstebystiftelsen har aldri hatt ambisjonar om å sitje lenge som eigar. I møte med representant Harald Sunde i april i år, bar han fram eit ynske om å gje Bagnsbergatn til museet (red: uklart om dei meiner Valdresmusea eller Valdres Folkemuseum).

#### Vedtak:

*Styret er positiv til å gå i dialog med Sønstebystiftelsen med mål om å finne varige løysingar for drifta av Bagnsbergatn. Styret minner likevel om at det per no ikkje finst ressursar i driftsselskapet til å inngå eit forplikande samarbeid med stiftinga.*